

Deg det kan vere aktuelt for

Dykkar ref.

Vår ref.
26/17880

Dato
06.05.2026

Invitasjon til A-laget og Vennegruppa skuleåret 2026 - 27. Søknadsfrist 31. mai

Treng barnet ditt / ungdomen din litt ekstra?

Hå kulturtorget inviterer til «A-laget» og «Vennegruppa».

Dette er tilrettelagte fritidstilbod for unge i Hå – kjekke aktivitetar etter skuletid, med litt mat.

Kven er tilboda for?

Det er for deg som har lite anna å gå på og vil prøve varierte aktivitetar. Gruppene er for deg som trivst best saman med få, på grunn av nedsett funksjonsevne eller sosiale behov.

Kanskje kan du få nye venner?

Her er tett oppfølging og me ønskjer å vere eit trygt alternativ til større grupper.

Alle tilboda har minst to leiarar.



A-LAGET

For deg i 5. til 10. klasse

Tysdagar kl 1430 – 1630.

Fyrste gong 25. aug. kl 14.30.

VENNEGRUPPA

For deg frå 10. klasse av

Torsdagar kl. 1500 – 1700.

Fyrste gong 20. aug. kl. 15.00.



Du får prøve mange ulike aktivitetar.
Me bestemmer innhald og aktivitet i lag.

Me startar som regel med eit lett måltid.

A-laget dreg på turar, kan fiske krabbar, besøke Vitengarden, spele spel og musikk, går i basseng, bowlar og gjer mykje anna spennande.

Vennegruppa virkar som ein liten ungdomsklubb, dreg på tur, spelar kort eller musikk, bowlar og finn på anna moro.

Kvar: Møt på Hå kulturtorget på Nærbø.

Alder. Er det mange søkarar til ei av gruppene, kan det vere me må skyve aldersdelinga.

Tilboda har maks 8 plassar. Difor treng me **PÅMELDING** til Hå kulturtorget **innan 31. mai**.

Deltakaravgift på kr. 900,- i halvåret går mellom anna til mat, aktivitetsmateriell og transport.

Fleire utgifter? Av og til gjer me noko som kostar ekstra, som kino, bowling og besøk på Jærmuséet. I så fall får foreldra beskjed i forkant.

Foto / film. Det kan vera nyttig å fotografere / filme aktivitet.
Kryss av på søknadsskjemaet om dette er OK.

Er du usikker på om dette kan vere noko for deg? Me blir glade om du tar kontakt.
Ring oss gjerne på tlf. 476 51 190.

Sjå: <https://www.ha.no/tilrettelagt-fritid/>

Vi tar atterhald om mange nok søkerar til å sette i gang kvart av tilboda.

Kjenner du andre som burde sett dette brevet, så del gjerne.

Med helsing

Hå kommune

Andreas Austrheim
Leiar

Per Henry Runde

Vedlegg:

søknadsskjema A-laget og vennegruppa 2026 – 2027

Dokumentet er elektronisk godkjent og treng ikkje signatur